



BJERKREIMS NYTT



**INFO TIL BJERKREIMBUEN
JANUAR 2025**



KOMMUNEHUSET:

Tlf 51 20 11 00

Måndag - fredag kl 08.00 - 15.00

www.bjerkreim.kommune.no

BIBLIOTEKET:

Tlf. 51 45 93 20

biblioteket@bjerkreim.kommune.no

Måndag 15.00 - 19.00

Tysdag 14.00 - 18.00

Onsdag 14.00 - 18.00

Torsdag 12.00 - 15.30

Fredag 12.00 - 15.30

Laurdag 10.00 - 14.00

DIM-RENOVASJON:

Returpunkt glas/metall finn du ved kommunehuset. Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11-19. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengd. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia.

NESTE NUMMER:

Stoff til neste Bjerkreimsnytt må vere inne før tysdag 21. januar kl. 24.00. Bladet kjem i postkassen seinast torsdag 30. januar. Skriv kort!. Om du vil sende bilete, legg dette i eiga fil. Innsendt stoff kan bli redigert. Send til postmottak@bjerkreim.kommune.no. Ferdig blad kan lastast ned frå nettsida til kommunen.

UTGJEVAR:

Bjerkreim kommune

KONTAKTPERSON:

Ingunn Ognedal

ANSVARLEG:

Kulturkontoret

TRYKK OG

GRAFISK FORMGIVING:

Jærprint

VIKESÅ TAXI
51 45 19 00



ÅRSKAVALKADE 2024

Eit år går fort. Likevel inneheld eit kvart år ei rekke små og store hendingar. Ofte så mange at me gløymer dei som var, fordi noko nytt stadig dukkar opp. Eg har denne gongen samla ulike glimt frå året som gjekk, med ei hending for kvar månad.

Midt i januar fekk me store mengder snø. Det var flott så lenge det varte, eit par dagar. Så slo stiregnet inn, og det flaut over mange stader. Sjølv vart eg oppring midt på natta av Risa med beskjeden: «me veit ikkje heilt kven me skal ringe, så me ringer ordføraren. Nå er det rett før det flaumar over E39 på Vikeså».

I februar måtte ungdommane på banen for å protestera då Kolumbus gjorde kutt og endringar i bussrutene. Spesielt ille var dette for elevar som reiser nordover. Engasjementet førte fram, og me fekk gjennom viktige justeringar.

UKM - heile 24 sceneinnslag og sju bilete var med i marsmønstringa. Bjerkreim kulturskule har ein lang tradisjon med å få fram lokale musikalske og kunstnariske talantar.

Dalane Energi AS varsla i april at dei vurderer kraftverk i Bjordal. Til glede for nokon og til bekymring for andre. Dette vert ei ny kraftsak som politikarane i Bjerkreim etter kvart skal ta stilling til.

Tour of Norway rulla igjen gjennom Bjerkreim. Kule bilete og mykje fjernsynsreklame for Bjerkreim denne laurdagen i mai. Same dag sleit eit stor gjeng seg opp Kongsløpet frå Lauperak og til topps på Skykula.

I juni reiste ei gruppe politikarar og representantar frå administrasjonen i Bjerkreim kommune til Litauen for å besøke Plunge, vår vennskapskommune si 1994. Der vart samarbeidsavtalen fornya. Dei som reiste kom heim att med mange inntrykk frå eit land som har levd med undertrykking frå Sovjetunionen. No er litauarane på nytt uroa i lys av Russland si krigføring i Ukraina.

Sommaren er ofte roleg i Bjerkreim. Kjekt var det derfor at CCN Youth Camp 2024 var lagt til Bjerkreim. Ei lita veke i juli skapte hundrevis av chin-ungdommar frå heile Noreg, liv og røre med fotball, konsertar og kulturarrangement.

Meir fest vart det i august. Då vart første sommarfesten arrangert i Kulturparken. Stort oppmøte og gode tilbakemeldingar. Det vert ny fest til sommaren.

645 dagar etter «første» raset, i september, var endeleg fjellreinskinga i Gloppedalen ferdig. Ein tolmodsprøve av dei sjeldne for fortvila brukarar av vegen. Heldigvis vart resultatet svært godt til slutt.

Rause innbyggjarar og eit gåvmildt næringsliv sørga i oktober for innsamlingsrekord i 50-årsjubileet til TV-aksjonen. Heile 374.106 vart samla inn.

I november gjekk eit samla ordførarkollegie i Dalane ut med forslag om å bruke eit ekstra stort utbytte for å prøve å løyse floka med utkjøp av Dalane vidaregåande skule. Eit drastisk grep, så får tida vise om me kjem i mål med taktikken for å få bygd ny framtidretta vidaregåande skule.

I siste kommunestyremøte for året, vart budsjett for 2025 vedteke. Eit samla kommunestyre gjekk inn for same prioriteringar. Eg er heldig som er ordførar i Bjerkreim der det er godt samarbeidsklima på tvers av partia. Takk for godt samarbeid til alle i kommunestyret i året som har gått. Eg veit eg har alle med meg i ynskje om eit godt nytt år for alle sambygdingar! *Vennleg helsing, Tone Vaule*



Foto: Han med hatten / Kai Tore Vik

POLITISKE MØTE - PÅ KOMMUNEHUSET

Fellesråd for eldre og funksjonshemma:	Måndag 06.01 kl. 13.00
Ungdomsråd:	Måndag 06.01 kl. 16.00
Gruppmøte:	Torsdag 16.01 og 30.01 kl. 19.00
Formannskap:	Tysdag 21.01 kl. 16.00
Kommunestyret	Tysdag 28.01 kl. 18.00

EGENBEREDSKAP:

Visste du at vann som er lagret riktig kan stå i årevis?

Nasjonalt er det anbefalt å lagre ca. 20 liter vann per person i husstanden. Dette holder for en uke.

Slik gjør du:

- Vask kannen med såpe og vann, og skyll den.
- Tilsett deretter to korker husholdningsklor pr. 10 liter vann.
- La virke i 30 minutter før du skyller godt.
- La vannet i springen renne til det blir kaldt
- Fyll kannen helt, slik at det blir så lite luft som mulig mellom vannet og innsiden av korken.
- Lagres mørkt, kjølig og frostfritt.

Husk å bruke kanner/flasker som er egnet til lagring av vann. Vannbeholder skal ikke oppbevares i rom hvor det står bensin, plantevernmidler o.l. Damp fra disse kan trenge inn i plast.

Drikkevann av god kvalitet kan stå i årevis. Med tiden vil stoffer fra plastbeholdere lekke ut i vannet. Det vil påvirke smaken, men vannet er ikke farlig å drikke.

Les mer om lagring av drikkevann på sikkerhverdag.no (Slik lagrer du drikkevann | Sikkerhverdag)

GRATIS FOREDRAG: DET DIGITALE DOPET

Visste du at vi i snitt plukker opp mobilen vår 150 ganger i løpet av en dag? Og at når du som gammel ser tilbake på livet ditt vil du ha brukt over 11 år på mobilen din?

I foredraget «Det digitale dopet» forteller dr. Ole Petter Hjelle på engasjerende vis hva som skjer i hjernen vår når vi scroller, spiller og bruker sosiale medier. Og ikke minst: Hvordan små justeringer kan føre til store endringer og fri deg fra det digitale dopet.

- Dato: tirsdag 21. januar
- Tidspunkt: kl. 19:00-20:15
- Sted: Samfunnshuset på Vikeså
- Pris: gratis
- Åpent for alle!

Arrangør: Bjerkreim kommune

SVØMMEKURS VÅR 2025

Påmeldingsfrist 6. januar. Oppstart 10. januar. Åtte kursdager på fredager:

- Kl. 15.45 - 16.30 - grunnkurs pulje 1
- Kl. 16.30 - 17.15 - småbarn
- Kl. 17.15 - 18.00 - grunnkurs pulje 2
- Kl. 18.00 - 18.45 - videregående 1
- Kl. 18.45 - 19.30 - videregående 2

Elektronisk søknadskjema og mer informasjon finner du på kommunen sin nettside under Skjema/søknadssenter – kultur og fritid. Vi tar forbehold om endringer.

OFFENTLIG SVØMMING

Velkommen til svømmehallen på Vikeså skule hver lørdag mellom høstferien og påskeferien.

Oppstart etter nyttår lørdag 4. januar. Gratis adgang.

Åpningstider:

- Kl. 10.00 - 10.45 Voksne over 18 år (garderobe åpen fra 09.45).
- Kl. 10.45 - 11.30: Voksne over 18 år.
- Kl. 11.30 - 12.15: Åpent for alle (garderobe fra kl. 11.15)
- Kl. 12.15 - 13.00: Åpent for alle
- Kl. 13.00- 13.45: Åpent for alle

Lister blir lagt ut i gangen fra kl. 09.45 for å reservere plass på de ulike gruppene. Bor du langt fra bassenget og har vansker med å komme innom på forhånd, kan du ringe 404 44 955 for å reservere tid. Maks antall i voksengruppene er 15. Maks antall i familiegruppene er 25.

Husk badehette! Bleiebarn må bruke badebleie, dette kan man eventuelt få kjøpt av badevaktene.

VIL DU BLI BADEVAKT?

Vi har ledig engasjement som badevakt på barnehagesvømming mandager.

Mandager ca. kl. 08.45 – 12.45 fra nyttår og fram til bassenget tømmes for påske.

Du må være i bassenget sammen med barna. Opplæring blir gitt. Lønn etter kommunale timesatser.

Dersom du kan tenke deg å hjelpe, ta kontakt med Bjerkreim kulturkontor v/ Annette Nedrebø, tlf 988 80 147 eller e-post annette.nedrebo@bjerkreim.kommune.no

GRATIS GRUPPETRENING UTENDØRS

Treningene passer for alle, selv de som aldri har trent før! Nå er vi 11 deltakere mellom 35 og 85 år.

- Når: torsdager kl. 13:00-14:00 (starter 09.01.2025)
- Hvor: Utendørs, oppmøte utenfor Bevegelsesklubben (Vikesågata 57 A)
- Instruktør: fysioterapeut Erlend Andersen Kinn v/ Bevegelsesklubben
- Målgruppe: alle over 18 år som ønsker å bli mer aktive

• Innhold: 10 min oppvarming, 20 min kondisjon, 20 min styrke, 10 min nedtrapping

• Utstyr: sko og klær til å bevege deg i, tilpasset været

• Påmelding: send e-post med ditt navn og tlf. nummer til friskliv@bjerkreim.kommune.no. Påmeldingen er ikke bindende, du deltar på de treningene som passer.

Arrangør: Bjerkreim frisklivssentral og Bevegelsesklubben

GRATIS DAGSTURHYTTEBOK

Rogaland fylkeskommune har laget en kjekk bok med alle 28 dagsturhyttene i fylket. Boka inneholder et skjema for «hyttejakt», hvor du kan loggføre alle hyttene du har besøkt. Boka er gratis, og du kan hente den på følgende steder i Bjerkreim:

1. Dagsturhytta Kaurebu
2. Resepsjonen på kommunehuset
3. Biblioteket
4. Kulturskolen

Kaurebu pryder tre av de 80 sidene i boka. God tur!

FRISBEEBANEN MIDLERTIDIG ENDRET

Frisbeegolfbanen på Vikeså er dessverre redusert på ubestemt tid, grunnet skogsarbeid. Banen mangler kurv nummer 1, 3, 8 og 9.

DAIANE KULTUR FESTIVAL

Billetter og mer informasjon om artistene her: <https://egersundkulturhus.no/>

ONSDAG 23. APRIL:

Fortellerstund med Marianne Stenerud på Kaurebu. Åpen forestilling for familier på ettermiddagen på Kaurebu. Skattejakt på veien til dagsturhytta.

Tid: Onsdag 23. april kl. 17.00

Sted: Start på parkeringsplass i Holmen. Tur inn til dagsturhytta Kaurebu

TORSdag 24. APRIL:

Bokbad med Mimir Kristjánsson

Tid og sted:

Torsdag 24. april kl. 16.00, Lund folkebibliotek

Torsdag 24. april kl. 19.00, Sokndal folkebibliotek

Lindesnes Trekkspillklubb

Lindesnes Trekkspillklubb ble stiftet i 1990 og drives på dugnad. Nå kan du oppleve disse bærerene av norsk musikktradisjon på sitt beste.

Tid: 24. april kl. 18.00

Sted: Bjerkreim samfunnshus

Classico Latino, Sverre Indris Joner med band

Velkommen til en unik og særegen opplevelse med pianist og komponist Sverre Indris Joner og Band. Denne kvelden fylles Sangerlosjen med Classico Latino- fra cubansk salsa til argentinsk tango, og vi får også høre kjente og kjære sanger og melodier med ny vri.

Tid: Torsdag 24. april kl. 19.00

Sted: Sangerlosjen, Egersund

Tønes og Frøkedal

Velkommen til en intim konsert med Tønes og Frøkedal.

Tid: Torsdag 24. april kl. 19.30

Sted: Fjellhaug, Lund

FREDAG 25. APRIL:

TØFL

Våren 2023 holdt TØFL en forrykende konsert i Okka by, og nå kommer de på besøk igjen! Dette vil du ikke gå glipp av!

Aldersgrense: 18 år

Tid: Fredag 25. april kl. 21.00

Sted: Tools-scene, Egersund

Kino

Vi viser film inne i Bjerkreimshallen.

Film annonseres senere

Tid: Fredag 25. april. Klokkeslett

annonseres senere

Sted: Inne i Bjerkreimshallen

Fifty Shades på 90 minutter med Liv Gulbrandsen

Bli med når Liv Gulbrandsen pisker oss gjennom boksuksessen Fifty Shades-trilogien fra et feministisk og humoristisk perspektiv.

Tid: Fredag 25. april kl. 20.00

Sted: Soknatun, Sokndal

LØRDAG 26. APRIL:

Jubileumsfest på torget

Dalane Kulturfestival fyller 30 år, og vi feirer med fest på torget.

Det blir underholdning, kake og feststemning!

Tid: Lørdag 26. april kl. 13.00

Sted: Torget, Egersund

VAMP

Vamp tilhører eliten av norsk musikkliv og har utviklet et spesielt uttrykk i møtet mellom musikk og lyrikk som har truffet den norske folkesjelen. Opplev dem på Dalane kulturfestival!

Tid: Lørdag 26. april kl. 19.00

Sted: Bjerkreim kyrkje

Utekino

Det vises utekino utenfor Lundetun, Sokndal. Film annonseres senere

Tid: Lørdag 26. april. Klokkeslett

annonseres senere

Sted: Utenfor Lundetun, Sokndal

Fifty Shades på 90 minutter med Liv Gulbrandsen

Bli med når Liv Gulbrandsen pisker oss gjennom boksuksessen Fifty Shades-trilogien fra et feministisk og humoristisk perspektiv.

Tid: Lørdag 26. april kl. 20.00

Sted: Egersund kino og kulturhus

SØNDAG 27. APRIL:

Mari Boine

Den ikoniske samisk-norske artisten og aksjonisten Mari Boine er noe av det nærmeste man kommer en levende legende her til lands, og nå kommer hun til Blåfjell i Sokndal.

Tid: Søndag 27. april kl. 20.00

Sted: Blåfjell i Sokndal



Foto: Petter Sandell

TORE RENBERG

Den kjende forfatteren frå Stavanger held foredrag i Bjerkreim folkebibliotek torsdag 30.1. kl 14.30-15.30.

Åpent for alle, gratis og enkel servering.

VELKOMMEN!

ONSDAGSKLUBBEN 3G

Godt humør, godt kledd, godt miljø!

Onsdag 8. januar, merk dato, går turen til Tengesdal.

Oppmøte Esso kl. 10.00 eller ved brua på Kleivane.

Arr. Fellesråd for eldre og mennesker med nedsatt funksjonsevne

GRATIS BYTTEBUTIKK I SKJERABERGET

Byttebutikken «Gi og ta - klær og sko for liten og stor» holder åpent to dager i uka i Skjeraberget folkehelsehus. Alle kan hente seg klær og sko, uten å levere inn noe selv. Byttebutikken holder åpent mandager kl. 11.00-15.00 og onsdager kl. 15.00-19.00 (følger skoleruta). Adresse: Pittervegen 6, 4389 Vikeså. Kontaktperson: Nina Johnsen tlf. nr. 907 15 916. Velkommen!

TILSKUDD FRA BJERKREIMSMARKEN

Hei alle lag og foreninger som var med og bidro til at Bjerkreimsmarken 2024 ble en kjempeflott helg i bygda.

Send en kort mail til oss hvis deres lag/forening ønsker å søke om tilskudd.

Styret i Bjerkreimsmarken vil ta beslutning om hvem som får utdelt tilskudd. Dette blir i februar 2025.

Send en kort søknad inne 31/1-25 til:

bjerkreimsmarken@gmail.com

Har du spørsmål, ta kontakt med Anette Egeland, tlf 952 23 385.

Nasjonalforeningen
for folkehelsen



BINGO

Onsdag 8. januar kl. 14.00 til ca 16.00 i peisestova på Vikeså misjonshus.

Alle er velkomne.

DUKAR

Helselaget leiger ut kvite dukar. Kontakt Ingbjørge Vassbø. Tlf. 486 03 535

BJERKREIMSQUIZEN

10 års jubileumsfeiring med stor marsipankake!

Onsdag 15. januar kl. 19.30 i kommunestyresalen.

Quizmaster: Annette Olden Nedrebø. Startkontingent kr. 50,- . Firemannslag. Kom gjerne åleine, så får du plass på eit lag!

INTERNASJONAL KVINNEGRUPPE

Torsdag 9. januar kl. 18.00-20.00 i Skjeraberget folkehelsehus.

Vi treffes for å snakke sammen og bli kjent med hverandre. Vi serverer kaffe, te og litt å spise.

Velkommen alle kvinner!

MISJONSHUSBASAR

Basar laurdag 25. januar kl. 15.00 på Vikeså misjonshus. Sal av lodd frå kl 14.30. Vikeså Soul Kids syng og Anette Espedal har andakt.

Årsal, sal av gryterett, pølser og kaker, trekning (fra bøker).

Alle er velkomne!

VIKESÅ MISJONSHUS

6. kl. 19.00 YngRes

8. kl. 20.00 Samtalemøte

19. kl. 11.00 Søndagssamling og Awana (Søndagsskule)

20. kl. 19.00 YngRes og Korvetten

25. kl. 15.00 Misjonshusbasar

Barnekor kl 17.00 hver torsdag

BJERKREIM BEDEHUS

07. kl. 19.30 Bønnemøte

08. kl. 09.30 Minsten

12. kl. 19.00 Årsmøte NLM

13. kl. 18.30 Guttelaget og jentelaget

14. kl. 19.30 Bønnemøte

15. kl. 09.30 Minsten

kl. 19.30 Møte Imf

16. kl. 19.30 Møte imf

17. kl. 19.30 Møte Imf

kl. 20.00 Fredagstreff

18. kl. 19.00 Lørdagskveld, Imf

19. kl. 11.00 Endelig søndag, Imf

kl. 11.20 Søndagsskulen

20. kl. 19.00 Yngres

21. kl. 19.30 Logos

22. kl. 09.30 Minsten

kl. 17.00 Barneveke

23. kl. 17.00 Barneveke

24. kl. 18.00 Barnevekefest

27. kl. 18.30 Guttelaget og jentelaget

28. kl. 19.00 Årsmøte bedehuset/
Imf

29. kl. 09.30 Minsten



VELKOMMEN TIL GUDSTENESTE

Dei fire første gudstenestene dette året vil det vera fokus på undervisning om Johannes Openberring. Desse gudsteneste kan derfor bli litt lengre enn vanleg.

Sundag 5. januar kl 11.00.

Høgmesse i Bjerkreim kyrkje.
Song av Solveig og Oddvar Sæth.

Sundag 12. januar kl 11.00

Høgmesse i Ivesdal kyrkje.
Song av Gjermund Vassbø.

Sundag 19. januar

Ikkje gudsteneste i soknet.

Sundag 26. januar kl 11.00

Høgmesse i Bjerkreim kyrkje.
Song av Monika og Øystein Vassbø.

DØDE:

Helga Margot Eikeland	07.12.24
Jan Petersen	14.12.24
Anny Osland	14.12.24

DÅPSSKULE

1. og 2. klassingar på Vikeså er velkommen til dåpsskule i januar og februar. Det er til saman fire samlingar + diplomutdeling på gudstenesta 16. mars. Samlingane er rett etter skuletid og Invitasjon går ut etter vårt medlemsregister - men alle er velkommen til å bli med.

KYRKJEKAFFI – KAN DU BIDRA?

Soknerådet ynskjer å tilby kyrkjekaffi ved dei aller fleste gudstenestene. Kan du bidra til dette? Ta kontakt med Astrid på kyrkjekontoret, mob. 911 98 483 eller e-post astridav@bjerkreim.kommune.no viss du kan ta med kaffi/te, litt frukt eller ei platekake, evt bidra praktisk av og til.

DIAKONVIGSLING 1. DES.



Foto: Ivar Barane

Ronny Myksvoll er klar til innsats! Ta gjerne kontakt om du ynskjer ein samtalepartner eller lurar på noko. Den dagen kom det inn kr 14 018 kr i offer til Mercy Ships.

HVA FORMER ET MENNESKE TIL DEN DET ER?

«Før jeg formet deg i mors liv, kjente jeg deg, før du ble født, helliget jeg deg». Jer, 1.5

Dette er åpningen av profeten Jeremias bok i bibelen. For en varm beskrivelse av det å være ønsket! En beskrivelse av tilhørighet og mening, at selve livet er verdifullt, rammet inn av at Han som satte alt i gang, ønsker deg.

Har du noen gang tenkt igjennom hva som har gjort deg til deg? Hva som har formet deg til den personen du er i dag? Hva som former et menneske til den det er, kan ofte sees i sammenheng med hvordan det er blitt møtt. Måten vi møter hverandre på, er av avgjørende betydning. Gode møter, der vår verdighet bevares, er med på å styrke oss. Det er også mange som bærer på vonde følelser fordi de ikke har blitt sett og møtt på en god måte. Som bærer på sår - synlige eller usynlige. Som har blitt møtt av personer som ikke hadde den nødvendige sensitiviteten som skal til for at vår grunnleggende verdi bevares.

Max Lucado har skrevet en bok som heter «Du er unik». Den handler om

et folk laget av tre; trenikkene. Hver dag gjør trenikkene det samme: De fester enten gullstjerner eller grå prikker på hverandre. De flotte trenikkene, som er vakkert utskåret, som gjerne innehar mange talenter, som snakker godt for seg, er flinke - de får flotte gullstjerner. De andre som kanskje ikke kan så mye, de hvor malingen har begynt å skalle av, de som somler når de snakker - får grå prikker.

En trenikk, Punchinello, hadde grå prikker over hele seg! Så mange prikker at han tilslutt ikke orket å gå ut. Redd for å gjøre noe dumt, redd for andres dømming. En dag møtte han Lucia, som ikke hadde et eneste merke. Verken gullstjerne eller grå prikker. Det var ikke det at folk ikke prøvde å gi henne merker, men de ville ikke sitte fast på henne! Punchinello tenkte at slik ville han også være; «jeg vil ikke ha noen merker». I møte med treskjæderen, skaperen hans, Eli, får Punchinello lære hvorfor ingen prikker sitter fast på Lucia: «Fordi hun har bestemt seg for at det er viktigere hva jeg synes enn hva de andre synes. Merkene sitter bare fast hvis du lar dem sitte der». Jeg tror det ofte er slik i dagens virkelighet også. Vi er gode til å gi hverandre merkelapper, gode til å dømme andre, gode til å gi hverandre gullstjerner eller grå prikker. Merkelapper som er med på å forme oss.

Bibelen er klar på vår verdi; «For så høyt har Gud elsket verden at han gav sin Sønn, den enbårne, for at hver den som tror på ham, ikke skal gå fortapt, men ha evig liv.» - Joh.3.16.

«I Kristus utvalgte han oss før verdens grunnvoll ble lagt, til å stå for hans ansikt, hellige og uten feil. I kjærlighet» Ef.1,4

Jeg håper 2025 kan bli en tid der du får speile deg i Guds øyne. Der du får kjenne på din verdi i Hans perspektiv. Uten menneskeskapte systemer. Uten merkelapper. Der Gud kan få lov til å være den som er med på å forme deg til den du er!

Per Børge

AVTAL TID, SÅ FÅR DU ENDA BETRE HJELP OG SERVICE

Viktig påminning om PT 2024

Landbrukskontoret vil på ny minna dykk på at dersom de ikkje har fylt inn beløp for avløysar-refusjon når de leverte søknaden om produksjonstilskot innan 15.10.24, eller ikkje hadde brukt heile tilskotet innan då, **så kan de korrigera søknaden på dette punktet fram til 10.01.25.**

Det same gjeld dersom de har sankt heim meir sauer frå utmarksbeite, enn det som vart gitt opp på søknaden 15.10.24. Etter 10.01.25 kan ikkje dette korrigerast, og eit godt tips er å gjera endringa så raskt som mogleg!

Ved behandling av søknadene dykkar om produksjonstilskot, ser me at det er svært mange som bare har brukt halve avløysartilskotet eller mindre.

Ein får **IKKJE** utbetalt meir tilskot enn det ein har søkt om. **Med reine ord så betyr det at dersom du gløymer å korrigera avløysinga, så er pengane «tapt» den 11.01.25.**

Reint praktisk så går de inn på heimesida til kommunen <https://www.bjerkreim.kommune.no> og vel arkfana Næring, landbruk og miljø, så landbruk, deretter søkje om tilskot og så vel du produksjonstilskot. Her finn du direkte link til utfylling og endring av søknadsskjemaet i altinn.

Trykk på den blå knappen Start tjeneste, og logg deg inn via bankid og trykk på «endre søknaden». Nå kjem heile søknaden opp, og du kan gjera endringar.

Det er svært viktig at du sender søknaden på ny etter at du har gjort endringane ! Me på

landbrukskontoret får så beskjed om at det er gjort endringar i søknaden din, og godkjenner den på ny.

Du finner kor mye avløysartilskott du har rett på ved å gå inn på søknaden din om produksjonstilskott, og så under fanen avløysing. Der vil det stå kor mye tilskott det foreløpig er berekna kor mye du kan få refundert i avløysartilskott.

Me vil også nytta høvet til å presisera at dei som brukar delar av avløysartilskotet til kjøp av tenester frå næringsdrivande, så er det bare persondelen som gir rett på tilskot. Vi godkjenner ein sats på om lag 450 kr/time, eks. mva, for arbeids-/persondelen. Dersom du t.d. vil bruka delar av tilskotet til rundballepressing, er det dermed bare 450 kr/time som er grunnlag for tilskot. Resten som maskinkostnad, nett, plast, syre, gis det ikkje avløysartilskot for.

«Persondelen» skal vera spesifisert på faktura, eller ved hjelp av eit underbilag til fakturaen. Eit slikt underbilag må referere til den aktuelle fakturaen og vera signert av entreprenøren.

Når det gjeld saueklipping og klauvskjering, så vil heile beløpet utan mva, gje rett på tilskot, då maskinkostnaden er relativ låg.

Når det gjeld kva utgifter, som kan inngå i avløysartilskottet, så er det utgifter til arbeidsoppgåver som det ikkje er uvanleg at bønder sjølv utfører - dvs. **arbeid som bønder flest utfører i husdyrdrifta.**

Dømer på avløsning:

- Tradisjonell fjøsavløsning
- Saueklipping og klauvskjering
- Vedlikehald av driftsbygning i form av til dømes maling eller snekkerarbeid
- Rundballepressing, jordarbeiding

og spreiding av husdyrgjødsel

- Gjerdehald
- Beiterydding
- Frakt av dyr til og frå beite mv.

Lurer du på noko, ta kontakt med oss på Landbrukskontoret!

SKOGBRUKSFORVALTNINGA I DALANE KJØRER FØLGENDE KURS PÅ NYÅRET SOM ER INTERESSANTE FOR LANDBRUKET:

Bruk og vedlikehold av motorsag (grunnkurs)

Kurset er dessverre fullt, men vi jobber med å sette opp ett til på våren.

Smart bruk av skogfond

- Korleis utnytte dei moglegheitane skogfondet gir deg som skogeigar?
- Dato: 11.01.2025 18:00 – 22.00
- Sted: Landbrukskontoret, Sirdalsveien 38, 4376 Helleland
- Gratis for de under 18
- 650 kr for eldre. (halv pris av hva normalt kurs koster)

Påmelding: <https://event.checkin.no/96333/smart-bruk-av-skogfond-eigersund-11-01-2025-ph>

BRUK OG VEDLIKEHOLD AV RYDDESAG

• Kurset gir deg gode tips for sikker bruk og ikke minst viktig vedlikehold av ryddesag.

- Dato: 15.02.2025 kl 09.00 - 16.00

• Sted: Sirdalsveien 220, 4376 Helleland

- For de under 18 er det gratis
- For andre er det 1670 kr (halv pris av hva normalt kurs koster)

Påmelding: <https://event.checkin.no/96337/ungskogpleie-eigersund-15-02-2025-ph>

INFORMASJON

GO Consult
Olav Engelsingjerd
Tlf. 906 99 409
post@goconsult.net



fjoscam.no

- Internett og kamera til fjøs
- Data-reparasjon/salg
- Langtrekkende WiFi som fungerer
- Service parabol og Riks-Tv



Bestill her

ALLE TRENG
GODE BØNNER
handbrent.no



Denne annonseplassen kan bli din

for kr 3250 (totaltpris for et år)

Kontakt Bjerkreim kommune,

tlf. 51 20 11 00.

HANMEDHATTEN.NO SILVERANDLIGHT.NO
FOTOSTUDIO RAMMEVERKSTED
Han med hatten
FOTOGRAF KAI TORE VIK
POST@HANMEDHATTEN.NO, MOBIL: 90020955
DU ER HJERTELIG VELKOMMEN TIL VÅRT FOTOSTUDIO I RØYSLANDSDALEN 95



ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.

Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså

Tlf 924 69 775/ 4000 3150

solberg@advokat1.com, www.advokat1.com

Bjerkreim
legekontor
51 20 43 30

www.bjerkreimlegekontor.no

Vask hendene
og ta vare
på kvarandre!

coop
Vikeså

coop byggmix **EXTRA** **coop prix**

Extra Vikeså

Man-Fre 07.00-23.00 Lør 08.00-21.00
Coop Byggmix / Landbruk

Man-Fre 08.00-18.00 Lør 09.00-16.00
Coop Prix Bjerkreim

Man-Fre 08.00-21.00 Lør 09.00-20.00

coop

**Eigersund
Dyreklinikk**

Telefon 51 49 13 04

VELKOMMEN TIL
KLINIKKEN
PÅ NYTORGET 3!

Heste- og stordyrpraksis Tore Malmei 900 59 222
Solvor Nyland Malmei 471 79 206

RENSELØSNINGER TIL HUS OG HYTTER



LITT OM VÅRE ANLEGG:

- Tilfredstiller kommunale krav til godkjent utslipp
- Enkel montering
- Forskjellige størrelser
- Lavt strømforbruk
- SINTEF sertifisert

VI TILBYR:

- Søknad / prosjektering
- Montering / oppstart
- Service og vedlikehold

Sandnes Maskin

Tlf: 954 09 360 – post@sandnesmaskin.no

Fardal Bil AS

DIN LOKALE BILFORHANDLER



TA KONTAKT PÅ TELEFON 51 46 10 00

www.fardalbil.no